



Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Fjalerhuset - kommunestyresalen
Dato:	26.03.2026
Tid:	Kl. 08:30

Medlemmer:	Parti
Espedal, Leif Jarle	AP
Helle, Arve	AP
Naustdal, Ainor Fristad	AP
Nygaard, Kjersti Engvik	AP
Vagstad, Jostein	AP
Jarstad, Jostein	H
Myklebust, Kai Ronny	H
Stenseth, Svein-Martin Hovland	MDG
Taylor, Mark	MDG
Eimind, Marthe	SP
Engen, Randi Oddny	SP
Felde, Kjetil Høgseth	SP
Grytøyra, Maren	SP
Lammetun, Hans André	SP
Dingsøy, Lene Beate Furset	SV
Ness, Kjetil	SV
Brattelid, Ståle	V
Stang, Gunhild Berge	V
Stølen, Christoffer Olai Klenevåg	V

Forfall meldt frå følgjande medl	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Aase, Odd Helge	H	Hjartholm, Bjørn Helge	H
Sande, Elisabeth Boge	H	Buttedal, Tore	H
Rundberg, Anna-Linnéa	UAVH	Malene Westengen Helle	SP
Haugsbakk, Marte	V	Lammetun, Oddgeir	V

Merknader:

Ståle Brattelid (V) var settevaraordførar sidan varaordførar hadde forfall.

Arve Helle (AP) permisjon fram til sak 17/26 (referatsaker)

Presentasjon – Arbeid med skulemiljø v / kommunalsjef Kjell Stien og rektor Dingemoen skule Eli-Terese Sande, vart lagt til som ny referatsak etter møtet

Presentasjon - frå kommunedirektøren vart lagt til som ny referatsak etter møtet.

Møteleiar: Espedal, Leif Jarle

_____	_____	_____
_____	_____	_____
_____		_____

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel		ArkivsakID
015/26	Godkjenning av innkalling og sakliste		26/559
016/26	Godkjenning av protokoll		26/559
017/26	Referatsaker		26/559
018/26	Kostnadsoversikt kommunale bygg		25/1225
019/26	Oversikt over vegar		25/1225
020/26	Kostnadsutgreiing Gamle Fjaler ungdomsskule		25/1225
021/26	Framlegg til høyring - kommuneplanen sin samfunnsdel		24/1687
022/26	Høyringsvar Fjaler kommune - kommunedelplan for fv. 57 Båtevika - Storehaugen		22/1380
023/26	Innspel frå Fjaler kommune til jordbruksforhandlingane 2026		26/555
024/26	Delegeringsreglement revisjon 2026		26/442
025/26	Godkjenning av samarbeidsavtale - Distriktssatsinga i Vestland		26/493

015/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:
Innkalling og sakliste vert godkjende.

26.03.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: samrøystes

KOM- 015/26 Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjende.

016/26: Godkjenning av protokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Protokoll frå siste møte vert godkjend.

26.03.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: samrøystes

KOM- 016/26 Vedtak:
Protokollen frå siste møte vert godkjend.

017/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg:
Referatsakene vert godkjende.

26.03.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Presentasjon v/ kommunedirektør Ola Hovland - Status for finansielle nøkkeltall, økonomisk utvikling, kva ein kan forvente i 2026, handlingsrommet framover og status og framdrift for arbeid med omstilling og innsparing.

KOM- 017/26 Vedtak:
Referatsakene vert godkjende.

018/26: Kostnadsoversikt kommunale bygg

Kommunedirektøren sitt framlegg:
Kommunestyret tek saka til vitande.

26.03.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: samrøystes

KOM- 018/26 Vedtak:

Kommunestyret tek saka til vitande.

019/26: Oversikt over vegar

Kommunedirektøren sitt framlegg:
Kommunestyret tek saka til vitande.

26.03.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: samrøystes

KOM- 019/26 Vedtak:

Kommunestyret tek saka til vitande.

020/26: Kostnadsutgreiing Gamle Fjaler ungdomsskule

Kommunedirektøren sitt framlegg:
Kommunestyret tek saka til vitande

26.03.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Fellesframlegg til vedtak, ved/ Ness, Kjetil, SV

Kommunestyret viser til vedtak i desembermøtet 2024 der ein ber administrasjonen arbeid målretta for å avvikle dagleg bruk av ungdomskulen og finne ei alternativ løysing for vaksenopplæringa. Kommunestyret ber kommunedirektøren følge opp vedtaket snarast.

Røysting fellesframlegg: samrøystes

KOM- 020/26 Vedtak:

Kommunestyret viser til vedtak i desembermøtet 2024 der ein ber administrasjonen arbeid målretta for å avvikle dagleg bruk av ungdomskulen og finne ei alternativ løysing for vaksenopplæringa. Kommunestyret ber kommunedirektøren følge opp vedtaket snarast.

021/26: Framlegg til høyring - kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Kommunestyret vedtek å leggje framlegg til «Kommuneplanens samfunnsdel 2026–2038» ut til offentleg ettersyn og sender det på høyring i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14.
2. Høyringsperioden vert sett til minimum 6 veker
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre redaksjonelle rettingar før utsending.

12.03.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 022/26 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å leggje framlegg til «Kommuneplanens samfunnsdel 2026–2038» ut til offentleg ettersyn og sender det på høyring i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14.
2. Høyringsperioden vert sett til minimum 6 veker
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre redaksjonelle rettingar før utsending.

26.03.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Tilleggsframlegg på vegne av MDG og SV som innleiing til arealstrategien om jordvern v/ Mark Taylor MDG, ved/ Taylor, Mark, MDG

Arealstrategien om jordvern vert innleia ved:

- 1 Fjaler har ein nullvisjon for reduksjon av dyrka jord.
- 2 Jord skal nyttast, og i minst mogleg grad flyttast.

Røysting

tilleggsframlegg:

Pkt 1 - fekk 6 røster og fall (Mark Taylor-MDG, Svein-Martin Hovland Stenseth -MDG, Kjetil Ness-SV, Lene Dingsøy-SV, Gunhild Berge Stang-V og Ståle Brattelid-V.)
Pkt 2 -fekk 4 røyster og fall (Mark Taylor-MDG, Svein-Martin Hovland Stenseth -MDG, Kjetil Ness-SV, Lene Dingsøy-SV,)

Formannskapet sitt framlegg vart deretter samrøystes vedteke

KOM- 021/26 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å leggje framlegg til «Kommuneplanens samfunnsdel 2026–2038» ut til offentleg ettersyn og sender det på høyring i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14.
2. Høyringsperioden vert sett til minimum 6 veker
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre redaksjonelle rettingar før utsending.

022/26: Høyringssvar Fjaler kommune - kommunedelplan for fv. 57 Båtevika - Storehaugen

Ordføraren sitt framlegg:

Fylkesveg 57 er ein prioritert regional hovudveg i gjeldande Regional transportplan (RTP) for Vestland. Samfunns målet for kommunedelplanen er at utbetring av fv. 57 mellom Båtevika og Storehaugen skal styrke konkurransekrafta i næringslivet og hovudtrekka i busettingsmønsteret på aksa Førde – HAFS-området.

For Fjaler kommune er det viktig at ein vel ei løysing som kjem heile regionen til gode. Det viktigaste omsynet ved val av alternativ er å sikre ei god og funksjonell vegløyving via Osen. Osen ligg strategisk til i vegsystemet, og ei god løysing her vil gi betre samanheng i transportnettet både nordover og sørover.

Ei løysing via Osen vil gi god tilknytning nordover mot Førde, som er ein viktig arbeids-, service- og regionsenter for innbyggjarane i området. Samstundes vil ei slik løysing gi betre samband sørover via Sande og vidare i retning Bergen. Dette er viktig både for dagleg transport, næringstransport og for den regionale samanhengen i vegnettet.

Fjaler kommune meiner difor at val av trase må leggje avgjerande vekt på å etablere ei vegløyving som gir god framkome og gode koplingar via Osen.

Samtidig er det viktig å velje ei løysing som er realistisk å gjennomføre, og som gjer det mogleg å starte med punktutbetringar på dei delane av eksisterande fv. 57 som ikkje vert direkte berørt av ny trase.

Med dette som utgangspunkt meiner Fjaler kommune at **alternativ B9** best oppfyller desse omsyna, og at dette alternativet difor bør leggjast til grunn for vidare planlegging av fv. 57 på strekninga Båtevika – Storehaugen.

Dersom alternativ B9 vert valt, legg Fjaler kommune til grunn at ein eventuell tunnel vert **tilrettelagd for gåande og syklande**, slik at løysinga også kan bidra til betre trafikktryggleik og framkome for mjuke trafikantar.

Fjaler kommune legg samstundes vekt på at vidare planlegging må ta omsyn til landskap, naturmiljø, landbruk og busetnad, og at ein finn løysingar som i størst mogleg grad reduserer negative konsekvensar.

26.03.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: ordføraren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

KOM- 022/26 Vedtak:

Fylkesveg 57 er ein prioritert regional hovudveg i gjeldande Regional transportplan (RTP) for Vestland. Samfunnsmålet for kommunedelplanen er at utbetring av fv. 57 mellom Båtevika og Storehaugen skal styrke konkurransekrafta i næringslivet og hovudtrekka i busettingsmønsteret på aksa Førde – HAFS-området.

For Fjaler kommune er det viktig at ein vel ei løysing som kjem heile regionen til gode. Det viktigaste omsynet ved val av alternativ er å sikre ei god og funksjonell vegløyning via Osen. Osen ligg strategisk til i vegsystemet, og ei god løysing her vil gi betre samanheng i transportnettet både nordover og sørover.

Ei løysing via Osen vil gi god tilknytning nordover mot Førde, som er ein viktig arbeids-, service- og regionsenter for innbyggjarane i området. Samstundes vil ei slik løysing gi betre samband sørover via Sande og vidare i retning Bergen. Dette er viktig både for dagleg transport, næringstransport og for den regionale samanhengen i vegnettet.

Fjaler kommune meiner difor at val av trase må leggje avgjerande vekt på å etablere ei vegløyning som gir god framkome og gode koplingar via Osen.

Samtidig er det viktig å velje ei løysing som er realistisk å gjennomføre, og som gjer det mogleg å starte med punktutbetringar på dei delane av eksisterande fv. 57 som ikkje vert direkte berørt av ny trase.

Med dette som utgangspunkt meiner Fjaler kommune at **alternativ B9** best oppfyller desse omsyna, og at dette alternativet difor bør leggjast til grunn for vidare planlegging av fv. 57 på strekninga Båtevika – Storehaugen.

Dersom alternativ B9 vert valt, legg Fjaler kommune til grunn at ein eventuell tunnel vert **tilrettelagd for gåande og syklande**, slik at løysinga også kan bidra til betre trafikktryggleik og framkome for mjuke trafikantar.

Fjaler kommune legg samstundes vekt på at vidare planlegging må ta omsyn til landskap, naturmiljø, landbruk og busetnad, og at ein finn løysingar som i størst mogleg grad reduserer negative konsekvensar.

023/26: Innspel frå Fjaler kommune til jordbruksforhandlingane 2026

Ordføraren sitt framlegg:

Fjaler kommunestyre støttar innspel til jordbruksforhandlingane frå Vestland fylke.

1. Vestland fylkeskommune krev at det vert førd ein nasjonal landbrukspolitikk som set sikker matforsyning og beredskap tydelig på dagsorden. Å ha ein aktiv matproduksjon med areal i hevd og kunnskap om korleis mat skal produserast i heile landet, er avgjerande for Norge si evne til å brødfø eigen befolkning i ein krisesituasjon. For å lukkast med å auke sjølvforsyningsevna vår, er det viktig å sikre ein vesentleg matproduksjon i heile landet og stoppe ei vidare sentralisering av produksjonen.

2. Stortinget sitt mål om å auke sjølvforsyningsgraden til 50% må følgjast opp med konkrete tiltak.

3. Arbeid med å tette gapet mellom jordbruksinntekt per årsverk i Vestland og gjennomsnittet for landet må starte i 2026, jamfør driftsgranskingane til Nibio, 2024.

4. Vestland kan bidra best til sikker matforsyning og beredskap ved at det blir lagt til rette for ein framleis variert bruksstruktur med grovfôrbasert husdyrhald, frukt og bær som viktige produksjonar. Landbrukspolitiske verkemiddel må tilpassast betre for å kompensere for driftsulempe som følgje av geografisk plassering og bruksstorleik. Små og mellomstore bruk må bli prioritert innan alle produksjonar.

For Vestland er det særskilt viktig at det blir lagt til rette for å:

- Styrke økonomien:

- i sauehaldet og ku- og geitemjølkeproduksjonen

- på små og mellomstore bruk som produserer frukt, bær, grønt og potet, og sikre at bøndene på Vestlandet får ta sin del av vekst i produksjonen

- Stimulere til å halde oppe og auke mjølk- og kjøttproduksjonen på beite, særskilt knytt til geit, sau og kjøtfe.

- Halde fram arbeidet med å betre økonomien i produksjonen av bringebær til industri for å bidra til at produksjonen blir på nivå med etterspurnaden. Tilskot til planting av nye bringebærfelt er eit viktig tiltak.

- Vestland er positive til utprøvinga av teigtilskot i utvalde kommunar i Nord-Noreg. Å utvide eit slikt tilskot til også å gjelde Vestland må vurderast.

5. Den samla ramma for investerings og bedriftsutviklingsmidlar i landbruket for Vestland må aukast med om lag 75 millionar kr. Dette må til for å nå målet om lausdrift i 2034 og for å sikre støtte også til bønder som ynskjer å satse på andre produksjonar enn mjølk. Maksimal sats for støtte må justerast i takt med prisstiginga for å vere på same relative nivå over tid.

6. Implementeringa av ny Gjødselforskrift med strengare krav for bruk av fosfor, skapar store utfordringar for tilstrekkeleg spreieareal mange stader, særskilt der ein har stor

dyrekonsentrasjonar og høg produksjon. I tillegg til nedbygging av jordbruksareal, skapar dette mangel på spreieareal og gradvis nedbygging av mjølkeproduksjonen. For å stimulere til å oppretthalde dagens produksjon og hindre store transportavstandar for husdyrgjødsel for å overhalde miljøkrava i ny Gjødselforskrift, bør det innførast økonomiske støtteordningar for nydyrking og opparbeiding av innmarksbeite som spreieareal til forproduksjon.

7. Betre økonomiske verkemiddel må på plass for å stimulere til meir grøfting på Vestlandet.

Drenering og god jordhelse er viktige miljøtiltak. Klima og terreng på Vestlandet gjer at behovet for drenering er stort, men dei naturgjevne tilhøva gjer også arbeidet kostbart og krevjande.

8. Ordningane knytt til ferie, sjukdom og svangerskap må framleis bli betre for å sikre velferda til dei som er i næringa og gjere det attraktivt for unge å satse på landbruket. Dette kan gjerast ved å auke satsane og ikkje avkorte tilskota mot inntekt utanom bruket.

9. Kunnskap må ligge til grunn for klima- og miljøtiltak i landbruket. Dei rette tiltaka må gjerast lønsame for bonden utan at det går ut over produsert mengd.

10. For Vestlandet er det avgjerande at samvirka sitt ansvar for marknadsordningane slik vi kjenner i dag, vert vidareført. Tiltak som sikrar balanse i marknaden er viktig innan alle produksjonar. Dette er avgjerande for økonomien til matprodusentane, men er også eit gode for forbrukarane.

11. Tilskot til fellesanlegg for frukt- og grønt må aukast. Støttenivået må vere gradert slik at støtta går ned med auka storleik på pakkeriet.

12. Det må setjast av nok midlar til forskning og utvikling for å sikre at også små og mellomstore gardsbruk kan investere i teknologi som gjev lågare klimaavtrykk, auka produktkvalitet og betre driftsøkonomi.

13. Det bør setjast av midlar til eit prosjekt som kan vurdere innhald i og organisering av helseteneste for bier.

14. For å styrkja inntektsgrunnlaget særleg på mindre bruk må det leggjast til rette for meir lokal foredling og omsetning av landbruksprodukt

15. Det bør setjast av midlar for å vurdere tiltak mot matsvinn.

16. Det bør setjast av midlar til å vurdere tiltak for å ta i bruk unytta jordbruksareal.

26.03.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Endringsframlegg på vegne av Ap, MDG, SV og V til punkt 15 v/ Mark Taylor MDG, ved/ Taylor, Mark, MDG

Pkt 15 vert endra frå «15 Det bør setjast av midlar for å vurdere tiltak mot matsvinn.» til «15 Det bør setjast av midlar for tiltak mot matsvinn.»

Røysting endringsframlegg pkt 15: samrøystes

Røysting ordføraren sitt framlegg med endringsframlegg pkt 15: samrøystes

KOM- 023/26 Vedtak:

Fjaler kommunestyre støttar innspel til jordbruksforhandlingane frå Vestland fylke.

1. Vestland fylkeskommune krev at det vert førd ein nasjonal landbrukspolitikk som set sikker matforsyning og beredskap tydeleg på dagsorden. Å ha ein aktiv matproduksjon med areal i hevd og kunnskap om korleis mat skal produserast i heile landet, er avgjerande for Norge si evne til å brødfø eigen befolkning i ein krisesituasjon. For å lukkast med å auke sjølvforsyningssevna vår, er det viktig å sikre ein vesentleg matproduksjon i heile landet og stoppe ei vidare sentralisering av produksjonen.

2. Stortinget sitt mål om å auke sjølvforsyningsgraden til 50% må følgjast opp med konkrete tiltak.

3. Arbeid med å tette gapet mellom jordbruksinntekt per årsverk i Vestland og gjennomsnittet for landet må starte i 2026, jamfør driftsgranskingane til Nibio, 2024.

4. Vestland kan bidra best til sikker matforsyning og beredskap ved at det blir lagt til rette for ein framleis variert bruksstruktur med grovfôrbasert husdyrhald, frukt og bær som viktige produksjonar. Landbrukspolitiske verkemiddel må tilpassast betre for å kompensere for driftsulempe som følgje av geografisk plassering og bruksstorleik. Små og mellomstore bruk må bli prioritert innan alle produksjonar.

For Vestland er det særskilt viktig at det blir lagt til rette for å:

- Styrke økonomien:

- i sauehaldet og ku- og geitemjølkeproduksjonen

- på små og mellomstore bruk som produserer frukt, bær, grønt og potet, og sikre at bøndene på Vestlandet får ta sin del av vekst i produksjonen

- Stimulere til å halde oppe og auke mjølk- og kjøtproduksjonen på beite, særskilt knytt til geit, sau og kjøtfe.

- Halde fram arbeidet med å betre økonomien i produksjonen av bringebær til industri for å bidra til at produksjonen blir på nivå med etterspurnaden. Tilskot til planting av nye bringebærfelt er eit viktig tiltak.

- Vestland er positive til utprøvinga av teigtilskot i utvalde kommunar i Nord-Noreg. Å utvide eit slikt tilskot til også å gjelde Vestland må vurderast.

5. Den samla ramma for investerings og bedriftsutviklingsmidlar i landbruket for Vestland må aukast med om lag 75 millionar kr. Dette må til for å nå målet om lausdrift i 2034 og for å sikre støtte også til bønder som ynskjer å satse på andre produksjonar enn mjølk. Maksimal sats for støtte må justerast i takt med prisstiginga for å vere på same relative nivå over tid.

6. Implementeringa av ny Gjødselforskrift med strengare krav for bruk av fosfor, skapar store utfordringar for tilstrekkeleg spreieareal mange stader, særskilt der ein har stor

dyrekonsentrasjonar og høg produksjon. I tillegg til nedbygging av jordbruksareal, skapar dette mangel på spreieareal og gradvis nedbygging av mjølkeproduksjonen. For å stimulere til å oppretthalde dagens produksjon og hindre store transportavstandar for husdyrgjødsel for å overhalde miljøkrava i ny Gjødselforskrift, bør det innførast økonomiske støtteordningar for nydyrking og opparbeiding av innmarksbeite som spreieareal til forproduksjon.

7. Betre økonomiske verkemiddel må på plass for å stimulere til meir grøfting på Vestlandet.

Drenering og god jordhelse er viktige miljøtiltak. Klima og terreng på Vestlandet gjer at behovet for drenering er stort, men dei naturgjevne tilhøva gjer også arbeidet kostbart og krevjande.

8. Ordningane knytt til ferie, sjukdom og svangerskap må framleis bli betre for å sikre velferda til dei som er i næringa og gjere det attraktivt for unge å satse på landbruket. Dette kan gjerast ved å auke satsane og ikkje avkorte tilskota mot inntekt utanom bruket.

9. Kunnskap må ligge til grunn for klima- og miljøtiltak i landbruket. Dei rette tiltaka må gjerast lønsame for bonden utan at det går ut over produsert mengd.

10. For Vestlandet er det avgjerande at samvirka sitt ansvar for marknadsordningane slik vi kjenner i dag, vert vidareført. Tiltak som sikrar balanse i marknaden er viktig innan alle

produksjonar. Dette er avgjerande for økonomien til matprodusentane, men er også eit gode for forbrukarane.

11. Tilskot til fellesanlegg for frukt- og grønt må aukast. Støttenivået må vere gradert slik at støtta går ned med auka storleik på pakkeriet.

12. Det må setjast av nok midlar til forskning og utvikling for å sikre at også små og mellomstore gardsbruk kan investere i teknologi som gjev lågare klimaavtrykk, auka produktkvalitet og betre driftsøkonomi.

13. Det bør setjast av midlar til eit prosjekt som kan vurdere innhald i og organisering av helseteneste for bier.

14. For å styrkja inntektsgrunnlaget særleg på mindre bruk må det leggjast til rette for meir lokal foredling og omsetning av landbruksprodukt

15. Det bør setjast av midlar for tiltak mot matsvinn

16. Det bør setjast av midlar til å vurdere tiltak for å ta i bruk unytta jordbruksareal.

024/26: Delegeringsreglement revisjon 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Politisk delegasjonsreglement vert vedteke slik det ligg føre.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere enkle rettingar eller endringar som følgje endring i lover.
3. Kommundirektøren sitt delegasjonsreglement vert teke til vitande.

12.03.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 023/26 Vedtak:

1. Politisk delegasjonsreglement vert vedteke slik det ligg føre.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere enkle rettingar eller endringar som følgje endring i lover.
3. Kommundirektøren sitt delegasjonsreglement vert teke til vitande.

26.03.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke

KOM- 024/26 Vedtak:

1. Politisk delegasjonsreglement vert vedteke slik det ligg føre.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere enkle rettingar eller endringar som følgje endring i lover.
3. Kommundirektøren sitt delegasjonsreglement vert teke til vitande.

025/26: Godkjenning av samarbeidsavtale - Distriktssatsinga i Vestland

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Fjaler kommune vedtek å delta i Distriktssatsinga i Vestland for perioden 2025–2030, og inngår samarbeidsavtale med Distriktssenteret, Husbanken, KS-Vestland, Statsforvalteren i Vestland og Vestland fylkeskommune.

Kommunedirektøren får fullmakt til å signere samarbeidsavtalen og å utarbeide prosjektbeskriving i samarbeid med samarbeidspartane.

26.03.2026 Kommunestyret**Handsaming:**

Røysting: samrøystes

KOM- 025/26 Vedtak:

Fjaler kommune vedtek å delta i Distriktssatsinga i Vestland for perioden 2025–2030, og inngår samarbeidsavtale med Distriktssenteret, Husbanken, KS-Vestland, Statsforvalteren i Vestland og Vestland fylkeskommune.

Kommunedirektøren får fullmakt til å signere samarbeidsavtalen og å utarbeide prosjektbeskriving i samarbeid med samarbeidspartane.